



Matavfall

Tømmast kvar 2. veke.
Bruk matavfallspose.



Matavfall er matrester, det same er kaffifilter og -grut, teposar og brukt tørkepapir. Hundeposar skal òg i denne dunken. Legg matavfallet i posane du har fått, knyt igjen og kast dei i avfallsdunken med brunt lokk.

Treng du nye posar kan du knyta ein tom pose på lokket før neste tømning. Då vil renovatørane leggja ut nye posar til deg. Posar kan du òg henta i Innbyggjarservice på rådhuset. **Dei skal ikkje brukast til anna enn matavfall.**



Papp og papir

Tømmast kvar 4. veke.
Legg papp/papir laust i dunken.



Papp, papir og drikkekartongar, avisar og reklame, vekeblad og magasin skal i denne dunken. Det same skal drikkekartongar og andre kartongar til saus, pudding og liknande; konvoluttar (riv helst av eventuelle plastvindu); emballasjekartongar til pizza, frokostblanding og fiskepinnar; pappesker og bølgepapp.

NB! Med mindre det står trykt bakpå at det skal resirkulerast som papir, så skal julegavepapir i restavfallet. Det same skal skitent papir.



Restavfall

Tømmast kvar 2. veke.
Avfall i bæreposar/laust i dunken.



Restavfall er det som er igjen når alt som kan gjenvinnast er sortert ut. Eksempel på restavfall kan vera: Plast-sugerøyr og q-tips; snus og sneipar; bomull og bomullspads; eingongs-linser; bleier, bind og tampong; plastprodukt som for eksempel leiketøy og reiskap (typisk hardplast); glas som ikkje er emballasje; keramik, porselen og steintøy; nedbrytbar plast; CD-plater og VHS-kassetar; slitte og øydelagde sko; plastemballasje og gavepapir – og så skal **alle typar metall** i restavfallsdunken.



Glas- og metallemballasje

Tømmast kvar 8. veke.
Laust i dunken. Ikkje bruk plastposar!



Glas- og metallemballasje er emballasje av glas og metall som det har vore mat, drikke eller andre hushaldsvarer i då du kjøpte det. Eksempel: Tomme syltetøyglas, barnematglas, vin- og ølflasker, hermetikkboksar, kaviartubar, aluminiumsfolie og -former og så vidare. Emballasjen skal vera tom. Skyll for å få ut restar, og rist emballasjen drypptørr. **NB!** Andre produkt av glas og metall, som eldfaste formar, drikkeglas, spiker og smjern skal ikkje i glassemballasjen, då dette har anna smeltegrad.



Hageavfall

Tømmast kvar 4. veke
frå mars til november.



Hageavfallsdunk er ei frivillig ordning du kan bestilla. Det har ein kostnad utanom det ordinære abonnementet, men dunken vert då tømd på rute. Her kan du kasta greiner, kvister, lauv og plen-gras, blomster og hageplanter, og busker med røter utan jord.

Greiner, kvister, plen-gras, blomster, hekk og tre kan du òg levera gratis på gjenvinningsstasjonane på Forus og Sele heile året.

Levering av stein, sand og grus følger gjeldande prisliste.

Viss du ikkje ønsker eigen dunk, eller treng å kvitta deg med større mengder enn du får plass til i dunken, kan du bestilla henting via www.hentavfall.no. Som privatperson kan du bestilla tre gratis hentingar av hageavfall per år.



Raud boks

Bestill tømning på
www.hentavfall.no



Alle husstandar kan ha ein raud boks til å plassera alle typar miljøfarleg avfall i. Viss du ikkje har ein slik boks kan du henta ein hos Innbyggjarservice på rådhuset.

I boksen kan du plassera alle typar miljøfarleg avfall som lim, lakk, maling, kjemikalier og så vidare. Boksen kan du òg bruka til små elektroniske produkt som batteri (hugs å teipa polane!).

Andre eksempel på avfall som skal i denne boksen er kvikksølvtermometer, små lysstoffrøyr, sparepærer, kablar, leidningar og så vidare.

Når boksen er full kan du bestilla henting på www.hentavfall.no. Du må setja boksen ut til vegen, der du vanlegvis set dunkane dine, før klokka 06.00.



hentavfall.no

Denne ordninga inneber at du kan bestilla ekstra henting av avfall heime hos deg. Du kan bli kvitt:

Grovavfall - store ting som ikkje går i restavfallsdunken, eller brukbare ting til ombruk.

Hageavfall - greiner og kvistar må buntast, lauv og gras skal i gjennomsiktige sekkar.

Farleg avfall - sjå Raud boks

Du kan bestilla henting tre gonger i året for kvar type avfall. Det må stå ved vegen før klokka 06.00 på hentedagen.